

## Viktig informasjon om redusert foreldrebetaling søknaden:

### Dokumentasjon som må følgja søknaden

- For at søknaden skal kunne bli handsama, må du leggja ved naudsynt dokumentasjon på familiens si samla inntekt.
- Det er familien si skattepliktige inntekt som blir lagt til grunn. Barnetrygd, barnebidrag, stønad til barnetilsyn, sosialstønad og studielån er døme på skattefrie ytelsar som ikkje blir rekna med i inntektgrunnlaget. Skattepliktige ytelsar som arbeidsavklaringspengar, dagpengar og uføretrygd er døme på inntekter som blir rekna med.
- Dokumentasjonskrav:
  - Siste års skattemelding.
  - Dersom siste års skattemelding ikkje stemmer med dagens inntekt må dette bli dokumentert.
  - Inntektgrunnlaget skal speila dei skattepliktige inntektene. Du er pliktig til å dokumentera skattepliktig person- og kapitalinntekt som ikkje står i den førehandsutfylte skattemeldingen.
  - Dersom inntekta di er vesentleg endra sidan siste års skattemelding må du i tillegg til skattemelding leggja ved dokumentasjon på ny inntekt.
    - Døme på slik dokumentasjon:
      - Dei tre siste lønnsliappar frå arbeidsgjevar. Dei må vise endring i årsløn ut frå det som står i skattemelding.
      - Vedtak frå NAV.
      - Vedtak om gyldig opphaldstillatelse.
      - Studentbevis eller bekrefting av studiar.
- Registrerer du søknad utan godkjent dokumentasjon, blir den ikkje handsama. Du vil då få informasjon om dette.
  - Du må registrere ny søknad og leggja ved gyldig dokumentasjon. Redusert foreldrebetaling gjeld frå første heile månad etter ny dato for ny søknad.
- Ved varig nedgang i inntekt i løpet av vedtaksperioden, kan du sende ny søknad med dokumentasjon som viser endra inntekt.

### Tidsavgrensa vedtak

Søknad om redusert foreldrebetaling gjeld for eit år. De må senda ny søknad for kvart SFO-år, med dokumentasjon for inntekt.

Startar søsken i SFO i vedtaksperioden, må de sende eigen søknad for dette barnet.

### Sakshandsamingstid

Sakshandsaming er inntil tre - 3 - veker.

Klage på vedtak

Får du avslag på søknad om redusert foreldrebetaling, kan du klage innan tre - 3 - veker frå du har fått vedtaket. I klagen skal du oppgi kva du ønskjer å få endra og begrunna dette.

Klagen sender du til rektor ved skulen.

### Kven kan søkja?

Den som søker om redusert foreldrebetaling må ha same folkeregisteradresse som barnet.

### Kven er definert som familie/hushald?

Med eit hushald/familie meinar me ektefeller, registrerte partnarar og samboarar. Bur barnet fast hos begge føresette, skal betalinga frå føresette vera rekna ut frå inntekt til den føresette som har same folkeregisteradresse som barnet.

## Inntektsgrenser for redusert foreldrebetaling

<b>Plass</b>	<b>Månadspris for SFO frå 01.01.23</b>	<b>Redusert betaling kan bli gitt til hushald med samla inntekt under:</b>
100 % plass morgon og ettermiddag	3100 kr	568.333 kr
100 % plass ettermiddag	2600 kr	476.667 kr
80 % plass morgon og ettermiddag	2480 kr	454.667 kr
80 % plass ettermiddag	2080 kr	381.333 kr
60 % plass morgon og ettermiddag	1860 kr	341.000 kr
60 % plass ettermiddag	1560 kr	286.000 kr